




HUND

Hundar er ikkje den beste vennen til menneska utan grunn. Ein hund kan gje mykje glede. Pass på at de har nok tid til hunden, og at de vel rett rase. Dei fleste hundar blir mellom åtte og femten år.

MARSVIN

Dette er sosiale dyr som er veldig kosete. Dei bør vere i par eller grupper. Dersom du vil ha ein liten, lodden koseklump, kan marsvin passe bra. Dei blir som regel mellom fem og åtte år.



UNDULAT

Ein undulat er sosial og treng mykje selskap. Dei må alltid vere minst to stykke. Dei kan bli opptil ti år gamle.



KATT

Kattar vil helst ikkje vere innefattar, men vil gjerne ha tilgang på uteområde. Og så vil dei gjerne ha eit fang å kose på når dei er inne. Kattar kan fort bli over femten år gamle. Kvart år må mange kattar avlivast fordi eigaren har utvikla katteallergi. Sjekk ut om du har allergi, før du får katt.



ROTTE

Dette er smarte dyr som kan lære små triks. Men ikkje alle rotter er like kosete. Dei fleste rotter blir berre to til tre år gamle.




HAMSTER

Hamsterar er søte, men dette er ikkje eit kosete dyr. Ein hamster søv mesteparten av dagen og er aktiv på natta. Dei blir som oftast rundt tre år gamle.

KANIN

Kaninar er koselege kjæledyr som treng mykje variert aktivitet og må få vere utanfor buret sitt kvar dag. Dei blir som regel mellom seks og tolv år.



Barn skal ikkje ha ansvar for kjæledyr

Å vekse opp i ein familie med eit kjæledyr er fint. Du får ein venn som alltid er der. Du lærer respekt og forstår meir av oppførselen til dyr. Men å skaffe seg eit kjæledyr er ikkje berre berre. Det er tidkrevjande, og det kan koste mykje pengar, spesielt om dyret blir sjukt og treng dyrlege. Heile familien må ønske seg eit kjæledyr. Men det er dei vaksne som skal ha ansvaret for dyr i familien, aldri barna. Barn under 16 år skal ikkje ha eit slikt ansvar.